

Samandrag kapittel 8, nynorsk

Levekår, utvikling og globalisering

Levekåra i eit land er avhengige av økonomi, helse, moglegheit for utdanning, bustadforhold og anna sosial velferd. FN har utvikla eit mål for velferd, Human Development Indeks (HDI), og gjev kvart år ut ei rankingliste etter kor gode levekår det er i ulike land. Indeksen er basert på levealder, utdanningsnivå og samanliknbar kjøpekraft.

Ein reknar at rundt 1 milliard menneske lever i **ekstrem fattigdom**, det vil seie at dei har mindre enn 1,25 dollar om dagen å leve av. I den rikare delen av verda er fattigdom definert ut frå ei gjennomsnittsinntekt, det vil seie relativ fattigdom. I mange land, både fattige og rike, aukar ulikskapen i inntekt i befolkninga.

Kjenneteikn på utviklingsland er at dei har vore koloniar, og at dei eksporterer råvarer, har mange fattige og svært ulik inntektsfordeling. Råvareprisane har auka mindre enn prisen på industrivarer, og det har ført til ei tung gjeldsbyrde for mange u-land. Mange land som blir klassifiserte som u-land, har høg BNP per innbyggjar, men fordelinga mellom innbyggjarane er skeiv. Mange av dei har sterk vekst i eksportretta industri, og blir kalla NIC-land (nyindustrialiserte land). Nesten alle dei fattigaste og minst utvikla landa (MUL-land) ligg i Afrika.

To teoriar om utvikling: **Moderniseringsteorien** hevdar at økonomisk utvikling i i-landa dreg med seg utvikling i dei fattige landa òg. Alle land går gjennom fleire fasar i ei utvikling, men dei bruker ikkje same tid på det. **Avhengnadsteorien** hevdar at utvikling i i-landa går ut over dei fattige landa, og hindrar deira utvikling. Vi kan seie at dei rike landa er avhengige av ressurstilgang frå dei fattige landa, og eventuell tilgang på arbeidskraft.

For å jamne ut skilnader mellom fattige og rike land yter industriland og organisasjonar **bistand** til å fremje økonomisk og sosial utvikling i fattige utviklingsland. Den norske bistanden over statsbudsjettet er på rundt 30 milliardar kroner (2013), og skal fremje helse, miljøtiltak og ressursforvaltning. Mest støtte går til Afghanistan, Palestina og land i Afrika sør for Sahara.

Globalisering har ført til at verda «krympar». Geografiske avstandar har ikkje så mykje å seie lenger, og varer, tenester og kapital kryssar landegrensene mykje oftare enn før. Det fører til endra **lokaliseringsfaktorar** i den globale økonomien. **Fleirnasjonale selskap** etablerer seg i land der arbeidskrafta er dårleg betalt. Billig transport, der ulempene for miljøet, til dømes i form av utslepp av klimagassen CO₂, ikkje er rekna med, gjer at varene kan transporterast til marknadene rundt om på jorda og likevel vere billige å kjøpe. Råvarer kan òg fraktast til land med billig arbeidskraft og foredlast der. Døme på det er fisk som blir transportert frå Noreg til Kina og skoren i filetar der, og så send tilbake til Noreg og seld her.

Tekoindustri (tekstil- og konfeksjonsindustri) spelar ei viktig rolle i industrialiseringa i eit land. Produksjonen er avhengig av mykje arbeidskraft, og etter kvart som lønnsnivået aukar, flytter tekoindustrien til land med lågare lønningar. Her spelar Kina ei stor rolle i dag i og med at det har stor tilgang på billig arbeidskraft, og Kinas del av verdsproduksjonen aukar. Arbeidsforholda er ofte dårlegast der lønningane er lågast, og forbrukarane blir meir og meir merksame på lønnsforhold og barnearbeid.

Rammevilkåra for den globale handelen blir diskutert i internasjonale forum, som WTO (Verdshandelsorganisasjonen). Mange u-land ynskjer å få fjerna tollmurar og få redusert nasjonale subsidiar til jordbruket, slik at u-landa kan eksportere meir til i-landa. Andre hevdar at dette ikkje hjelper dei fattigaste produsentane. «Fairtrade» er ei merkeordning som skal vise at varer kjøpte frå u-land skal gje dei lokale produsentane rimeleg lønn og sosiale rettar.